

**Møtereferat****J.nr: 48/19 Mgs****Referent: Margunn Grytten Selvik****Førde, 26.04.2019***Deltakarar:**Sogn og Fjordane Fylkeskommune: Tore Eriksen, Jan Tore Rosenlund, Ingebjørg Erikstad og Katrine Røkke Wilson**Førde Kommune: Lise Marie Haugen**Sunnfjord Kommune: Ole John Østenstad**Sogn og Fjordane Teater: Rasmus Mo, Bodil Kvamme og Margunn Grytten Selvik***Møte om Nynorskhuset 25.05.2019 – ref**

I forkant av møtet var det sendt notat til deltakarane som oppsummerte siste utvikling i saka om Nynorskhuset og kva utfordringar teateret har behov for å drøfte med eigarane.

Rasmus Mo opna med å takke for at eigarane tok seg tid til å møte SoFt og drøfte utviklinga i saka om Nynorskhuset. Hovudutfordringa til teateret er å måtte forplikte seg til auka kostnadar før vi veit om staten kjem med auka løyvingar til å dekke auka husleige. I skrivande stund vert det arbeidd, saman med NRK S & Fj og Firda, med å hyre inn felles konsulent som skal handtere arbeidet med anskaffinga av Nynorskhuset. Styringsgruppa arbeider framleis med planlegging og behovskartlegging og kostnadene er framleis relativt små, medan høve til å påverke framleis er stort. Så snart vi går i gang med konkurransegjennomføring, kjem kostnadene fort og handlingsrommet vert mindre. Slik framdriftsplanen ligg føre no er det 1.09.19 som er planlagt dato for å ta ei avgjerd. Vi kan ikkje vente svar på budsjettsøknaden før 6.10.19 og presset på rask framdrift er særleg krevjande sidan vi får 70 % av løyvingane frå staten.

Margunn Grytten Selvik skildra kort utfordringa teateret har med å ta neste steg for realisering. SoFt har i budsjettsøknaden for 2020 søkt staten om auka ordinært driftstilskot, 1 mill ekstra til Nynorskhuset og 3 mill ekstra til utvida turnéverksemd. Teateret har og hatt møte med Kulturdepartementet om søknaden og varsla om at det vil bli søkt om vidare auke trinnvis til både Nynorskhuset og turnéverksemd.

Det er viktig for teateret å ha tydelege signal frå staten om auka løyving før ei endeleg avtale kan signerast med ein utbygger. Katrine Røkke Wilson stadfesta i møtet at det kan takast atterhald i utlysinga om tilstrekkeleg finansiering, slik kan teateret på eit seinare tidspunkt la vere å signere ny avtale om det ikkje let seg gjere å skaffe tilstrekkeleg løyvingar.

Slik SoFt les vedtaka frå eigarane må teateret sjølv ta all risiko for auka kostnader i tilfelle staten ikkje løyver midlar. Om så er tilfelle kan ikkje teateret gå vidare i arbeidet med Nynorskhuset. Teateret har sidan føre møte i styringsgruppa drøfta med arkitekt Guri Fonsdal og sceneteknisk konsulent om å redusere størrelsen på teatersalen og eller andre areal. Konklusjonen er at dette ikkje er formålstenleg. Arealkravet som teateret har lagt fram i areal og funksjonsplanen er nøkternt og framtidsretta og i tilfelle det ikkje kan realiserast bør ikkje teateret flytte.

Jan Tore Rosenlund peikar på at det er usikkerheit knytt til den stipulerte årlege husleiga og driftskostnaden på 6 mill. Først seinare i anskaffingsarbeidet vil ein få vite med meir sikkerheit kva ein kan rekne med at husleiga vert.

Både Førde Kommune og Sogn og Fjordane Fylkeskommune ved Tore Eriksen og Lise Marie Haugen, stadfestar i møtet at dei vil yte sin del til auka kostnader, og i tilfelle staten si løyving ikkje vert auka. Det betyr at ved realisering har eigarane løyvd auka tilskot med respektive 0,45 mill frå Førde Kommune og 1,35 mill frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune. Staten sin del av den berekna auken på 6 mill er såleis 4,2 mill.

Tore Eriksen understreka at viss teateret har behov for støtte utover det som er stadfesta i vedtak til no, må dei sende eigen søknad til fylkeskommunen om dette. Vidare oppmodar han teateret til å arbeide målretta mot staten og kulturdepartementet for å sikre støtte til prosjektet. Teateret må halde fram med å hauste erfaringar frå teater som har vore gjennom liknande prosessar som t.d hjå Nordland Teater, Trøndelag Turnéteater i Verdal og Teateret Vårt i Molde.

Begge eigarane er for tida inne i omfattande endringar med fylke og kommunesamanslåing. Ole John Østenstad seier at dei står i krevjande prioriteringar i nye Sunnfjord kommune. Saka om teateret krev ikkje berre auka løyvingar, men gjer og at kommunen misser leigeinntekter i Førdehuset. Likevel ynskjer Sunnfjord kommune å støtte vidare arbeid for å realisere Nynorskhuset. Kommunen vil sjå til fylkeskommunen i saka. Lise Marie melder at utover det som er stadfesta i møtet i dag, er det vanskeleg for kommunen å gje nokon lovnadar om ytterlegare midlar i tilfelle staten ikkje løyver meir.

Ingebjørg Erikstad oppsummerte med at saka om Nynorskhuset har god sjanse for realisering no, det vert vanskeleg å ta denne saka opp att om nokre år. Det er viktig at eigarane står ved dei tidlegare lovnadane sine og at det vert arbeidd aktivt og godt mot staten for best mogleg å sikre støtte hjå dei. Ho understreka og at det er viktig å ha moglegheit til å stoppe flytting viss kostnaden blir for høge.

Mottakar (ar)

Sogn og Fjordane Fylkeskommune v/ Tore Eriksen og Jan Tore Rosenlund

Førde Kommune v/ Rådmann Lise Mari Haugen

Sunnfjord Kommune v/ prosjektleiar Ole John Østenstad

Sogn og Fjordane Teater v/ styreleiar Rasmus Mo og teatersjef Bodil Kvamme